


# Brattvåg Rotaryklubb

Medlemsbrev nr 4, 2019/2020

mai, juni og juli,

President Harald Gudbrandsen



Redaksjon: Arne Vågnes, Bente Bruun, Torstein Slyngstadli, Bjørn Haukås, Sigrid Eidsvik, Rolv Rørhus, Lidvar Sunde, Sindre Vik

## Møte 12. mai 2020

### Dugnad. Brattvåg kyrkjegard

Dugnaden gikk fint, været var greitt, kaffe og kaker frå Jorunn var godt og stemningen var fin. Ni stykker møtte fram pluss Harald Hagen og Hildegun Pedersen. Vi rakte rundt hekkene på nedre del, ordnet opp etter plogens herjinger langs vegene, og Jorunn ordnet sitt blomsterbed. Harald Hagen hadde klippet rosene. Noe arbeid står igjen, men konfirmasjonen er flyttet til september, så vi får se om det blir dugnad da.

Harald Gudbrandsen

## Møte 19. mai 2020

### Fritt møte

President Harald Gulbrandsen leia møtet. Dette var det første møtet innandørs etter at coronakrisa starta, og 17 medlemmer hadde funne vegen til møtelokalet. Borda var arrangerte slik at det var minst 1 m avstand mellom dei frammøtte, og kaffen vart servert av kameratskapskomiteen. Alt godt førebudd.

Det vart referert frå dugnaden 12.5. ved Brattvåg Kyrkje (9 medlemmer til stades), og frå dugnad ved Vatne Kyrkje, der 4 medlemmer møtte.

Harald orienterte så om at det ikkje vil bli fysiske møte for presidentar framover, men såkalla Webinar. Presidentskifte er planlagt til møtet 30.6.

Innkomande president Kumar orienterte så litt om planlegginga av sitt år. PETS vart det ikkje noko av, så han har berre fått skriftleg informasjon.

Styre og komitear er på plass, han refererte desse, og vil leggje ut planen på klubben si nettside. (Det manglar framleis innkomande president).

Endre orienterte så om programmet framover. Ein vil prøve å gjennomføre møta som er planlagt, men det kan sjølvsagt bli endringar.

SE

## Møte 26. mai 2020

### Trimtur med Team Bjerke

Team Bjerke er ein gjeng med lystige og spreke damer som har presentert seg for klubben ved eit tidlegare høve. I samanheng med denne presentasjonen vart klubben vår invitert til ein rundtur rundt Synnalsvatnet med diverse postar og innslag. Mange i klubben frykta harde fysiske økter på grensa av toleevna for gamle skrottar. Det skulle vise seg at frykta vart heilt ugrunna. Det vart ein hyggeleg tur rundt vatnet med uhøgtidelege leikar og quiz-konkurransar. Faktisk var hugsen eit større problem enn skrantande kroppar.



Elin og Elin ønska ca 20 medlemmar i klubben vår velkomne ved Vassenden. Etter ein kort informasjon om postane vart vi delte inn i 4 grupper. Alt ved inndeling såg ein del av medlemmane våre

lettare forvirra ut, men alle fann sine respektive grupper til slutt.



Biletet viser at Lag 2 med Jan, Thomas, Endre (+underteikna) konsentrerte seg om oppgåvene gitt av Turid og Beate. Vi klarte mykje, men måtte melde pass på forfattern av barneboka «Bomull» og personen framme på tusenkronerssetelen. Irriterande for oss som har konkurranseinstinktet i behald!

Fleire postar venta med artige og kreative spørsmål. På post to (med Lene og Tove) fekk vi mellom anna spørsmål om kva for to damer i Team Bjerke vi oppfatta som mest attraktive. Eit vanskeleg spørsmål med denne flotte gjengen, men etter litt fram og tilbake enda vi på damene på posten! Ikkje utan grunn, men om vi fekk noko ekstra poeng av den grunn er vel heller usikkert. At brattvågarane i gruppa ikkje visste kor høgt over havet Synnalsvatnet ligg, var flaut.



Bente er med i både Rotary og Team Bjerke. Denne gongen på

post for Team Bjerke. Ho er ein aktiv og dyktig politikar for distriktet vårt i den nye storkommunen og i fylket.

Spørsmåla bar preg av dette: Her var det politikk! Men spørsmåla var i høgste grad overkomelege, sjølv for oss med dårleg hugs. Til og med Frank Sve sitt yndlingsuttrykk «Greinalaust» klarte vi å hente fram.



Marianne og Linda var i strålende humør, og spørsmåla var heller ikkje for vanskelege. På spørsmål om talet på utlendingar i Team Bjerke, kjende vi berre til Lone frå Danmark. Til gjengjeld ei hyggeleg og triveleg dame. Fasiten kjenner eg ikkje.

Til slutt vart det litt vanskelegare med spørsmål om muskelgrupper som vi ikkje har. Men vi har sett bilete av muskulære menn og kvinner, så noko rett vart det vel her og. Trur vi imponerte med ord som biceps og triceps, utan heilt å vite kvar desse musklane skulle vere.

På siste post fekk vi også servering av «korrekt mat» i denne samanhengen: frukt. Og hyggeleg samvær, sjølv om regnet og vinden etter kvart let seg merke. Serveringa var elles i tråd

med smittevernsreglane med antibac og god avstand (stort sett).

All ære til Team Bjerke som hadde gjort eit stort arbeid på førehand og makta å skape to hyggelege timar for oss langs Synnalsvatnet. Eg må til slutt beklage at eg ikkje fekk med vinnaren av konkurransen, fordi fotballkampen med Erling Braut Haaland i spissen for Dortmund hadde byrja på TV, og eg måtte haste avgarde.

AV

## Møte 2. juni 2020

«Turisme. En lite utviklet næring i gamle Haram».

Ved Jonny Helland

Med ordene «ingen blir berømt for det de har tenkt å gjøre» åpnet president Harald møtet. 20 medlemmer møtte denne kvelden.

16 juni hva gjør vi?

Fisketur/sommerfest.... Harald åpnet for avstemming for ulike alternativ.

Småbåthavna, lokalet.....

Medlemmene ble enige om å utsette festen til høsten på grunn av Corona situasjonen. Målsetting for nytt klubbår ble nevnt som en kommende oppgave.

**Jonny Helland** stod for kveldens hovedpost. «Turisme en lite utviklet næring i gamle Haram.»

Jonny ønsker at flere skal feriere i eget land. Likevel skeptisk – han ser for seg mange tomme

konferansehotell i tida fremover. Denne delen av næringa vil slite mest fremover trodde han.

Runar Nilson er mannen bak det nye prosjektet på Hellandshavn. North Investor har kjøpt 2 tomter, arkitekt Fylling og Bjørge står for utforming. Prosjektet skal hete Havnes Hyttefelt. Det skal bygges 29 rorbuer totalt, på ca 60 m2 grunnflate og totalt 120 m2 i to etasjer. Målgruppen er folk som ønsker en rimelig hytte i sjøkanten. Det medfølger rett til båt med egen flytebrygge, dette er allerede godkjent. Fremdriftsplan er oppstart til høsten og at prosjektet vil snart bli lagt ut for salg.

Jonny viste også bilder fra egne rorbuer. Flotte bilder og et fint prosjekt. Rorbuene blir leid ut gjennom **Dan Center** som formidler utleien, de baserer seg på ukesleie/14 dager. Går i balanse med ca 20-25 ukers utleie. Etterspørselen er svært stor. Jonny setter opp sin tredje rorbu snart, hver rorbu har ca 12 sengeplasser. Det er i dag stor utfordring å få tak i sjønære tomter. Takk til Jonny for et optimistisk foredrag.

BB

## Møte 30. juni 2020 Presidentskifte

26 medlemmer hadde funne vegen til lokalet vårt denne kvelden.

Kameratskapskomiteen hadde førebudd det heile, og vi vart møtt med fint dekket bord med blomar frå Tove sin hage – og sjølvsagt god avstand mellom stolane.

Avtroppande president Harald Gulbrandsen starta med å informere om følgjande:

- Distriktskonferansen som skulle vere i Geiranger i haust, er avlyst
- Planane for haustens guvernørbesøk er endra: Det blir fellesmøte med fleire klubbar i veke 40 – ny info kjem seinare
- Vi manglar framleis innkomande president for 2021-22.

Harald summerte så opp året han har vore president: Det har vore lærerikt, har gitt han nokre utfordringar, men han har hatt god hjelp av velfungerande komitear og eit støttande styre. Planlegginga har vore god, sjølv om alt som var planlagt, ikkje kunne gjennomførast. Corona-epidemien har sjølvsagt påverka oss, og gjorde at året vart «amputert».



*Past president hadde mange ord på hjartet*

Harald vil minne oss på Rotary sitt motto: Å gagne andre. Dette føler han at vi som klubb lever etter, og at det arbeidet vi gjer i lokalsamfunnet, blir sett pris på, både turstien, Brattholmen og dugnadene vi er med på på kyrkjegardane. Vi bidreg også til Rotary Foundation, og gir pengar til andre formål.

**DET ER MEDLEMMANE  
SOM GJER KLUBBEN!**



*Den nye presidenten slappar godt av. For siste gong før skiftet ☺*

Så var tida komen til å overlate presidentvervet til Kumar. Han starta med å takke Harald for innsatsen, og overrekke blomar. Som alle er klar over, har Kumar no ei stilling som gjer at han i perioder er ute på reise, og han vil difor bli nødt til å støtte seg til at Harald som Past President vil måtte trø til når det trengs, men han reknar med at det skal gå fint, og er glad for at både styre og komitear vil gjere sin del av jobben.

Det første møtet etter ferien blir 11. august, og allereie 18. august er det klart for samling i Vadsetosen.

GOD SOMMAR!

SE



*Harald overlet vervet til den nye presidenten Kumar*

Så var det tid for «matykt», med flotte smørbrød og kaker, og vi kosa oss til langt over normal tid.



*Litt av alt det gode på matbordet.*